

# ÅRSRAPPORT 2008



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET



## Forord

---

Vi har lagt bak oss eit viktig arbeidsår der vi fremma ei lang rekke proposisjonar og meldingar for Stortinget. Vi kan nemne stortingsmeldinga om eit sterkt lokaldemokrati, lovpropusjonane om tillitskapande forvaltning i kommunar og fylkeskommunar og om gjennomføring av forvaltningsreforma, endringane i vallova, den nye plan- og bygningslova, den nye husbanklova, endringane i husleigelova og dessutan stortingsproposisjonen om å styrke bustøtta. Departementet var òg aktivt i det internasjonale arbeidet sitt, mellom anna ved det nordiske regionalministermøtet i Umeå. I tillegg har departementet koordinert og gjennomført den offisielle norske deltakinga på World Urban Forum IV i Nanjing.

2008 var dessverre også prega av ei tragisk hending, rasulykka i Ålesund. Fem personar omkom da ei bustadblokk rasa ut. Departementet sette saman med Justis- og politidepartementet ned eit utval for å gjennomgå ulykka. Utvalet avla rapporten sin i haust.

Kva er god styringskultur overfor etatane våre, og korleis skal ansvars- og rollefordelinga mellom departement og etat vere? Vi har utforma retningslinjer for styringa av etatar som skal svare på desse spørsmåla og også vere til hjelp ved nytableringar. I 2008 opna ein ny etat under departementet: Distriktsenteret – kompetansesenter for distriktsutvikling. Senteret skal vere ein aktiv støttespelar for utviklingsarbeidet i distrikta.

Departementet er avhengig av dyktige medarbeidarar med solid og variert bakgrunn. Vi ønskjer å tilby ein god organisasjonskultur og hadde derfor mange ulike sosiale aktivitetar i 2008, som kulturlunsjar og velferdstur. Vi kan òg sjå tilbake på 60-årsjubileet til departementet som vi feira med følgje og fest ein vakker sommarkveld ved Oslofjorden.

Mai 2009




*Eivind Dale*

Eivind Dale  
departementsråd



*Gunnar Andréesen*

Gunnar Andréesen  
ekspedisjonssjef  
Plan- og administrasjonsavdelinga



# Innhald



<b>FORORD .....</b>	<b>3</b>
<b>OM KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMETET .....</b>	<b>6</b>
<b>KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTETS ORGANISASJON .....</b>	<b>7</b>
Organisasjonskart	8
Underliggjande og tilknytta verksemder	8
<b>STØRRE AKTIVITETAR I 2008 .....</b>	<b>9</b>
Meldingar, proposisjonar og offentlege utgreiingar	9
Råd og utval	11
Prosjekt og andre større oppgåver	12
Internasjonale aktivitetar	14
Tverrfaglege aktivitetar	15
<b>AVDELINGANE I DEPARTEMETET .....</b>	<b>19</b>
Plan- og administrasjonsavdelinga	19
Regionalpolitisk avdeling	20
Kommunalavdelinga	21
Bustad- og bygningsavdelinga	22
Kommunikasjonseininga	23
<b>PERSONALOMRÅDET .....</b>	<b>24</b>
Oversikt over bemanninga i eit likestillingsperspektiv	24
Kompetanse	25
Helse, miljø og tryggleik	28
Sosiale aktivitetar og velferdstiltak	29
<b>DRIFTSBUDSJETT OG DRIFTSREKNESKAP FOR 2008 .....</b>	<b>30</b>

# Om Kommunal- og regionaldepartementet

---

## MÅL, ANSVAR OG HOVUDOPPGÅVER

Departementet har som visjon å leggje til rette for ein betre kvar dag for alle. Vi har ansvaret for bustad- og bygningspolitikken, regional- og distriktpolitikken og dei generelle juridiske og økonomiske rammevilkåra for kommunesektoren.

### Vi har i utgangspunktet fem hovedtypar av oppgåver:

**1** vere fagleg sekretariat for den politiske leiinga, her medrekna å gi faglege råd om politikkutvikling på ansvarsområda våre

**2** gjennomføre sektorpolitikk overfor kommunar, fylkeskommunar, næringsliv, organisasjonar, innbyggjarar ofl. innanfor politisk gitte rammer (mellan anna ved planlegging, utgreiing, gjenomføring og kommunikasjon av dei sakene som departementet har ansvar for)

**3** behandle enkeltsaker (både å gjere vedtak i enkeltsaker der departementet har fått spesiell avgjerdssrett i samsvar med lov, forskrift eller forvalningspraksis, og å svare på spørsmål og ulike typar førespurnader til departementet, utarbeide tilsvær i rettssaker o.a.)

**4** administrere og organisere underliggjande verksamheter knytte til departementet (ekstern administrasjon)

**5** administrere og organisere departementet sjølv (internadministrasjon)


Administrativt hadde departementet i 2008 som målsetjing at departementet og dei tilknytte verksamhetsdene skulle ha ei effektiv ressursforvaltning og ei god kommunikasjonsforvaltning, og at resultata på dei ulike politikkområda skulle gjerast synlege i det offentlege rom.



# Kommunal- og regionaldepartementets organisasjon

Per 31. desember 2008 bestod den politiske leiinga i Kommunal- og regionaldepartementet av statsråden, to statssekretærar og ein politisk rådgivar. Den administrative leiinga var samansett av departementsråden, fire ekspedisjonssjefar og ein

kommunikasjonssjef. Departementet hadde per 31. desember 2008 177 årsverk og 186 tilsette. Ein utdjuande omtale av dei ulike avdelingane følgjer i kapitlet "Avdelingane i departementet".



# Underliggjande og tilknytta verksemder

---

## DISTRIKTSSENTERET - KOMPETANSE-SENTER FOR DISTRIKTSUTVIKLING

Distriktsenteret blei etablert i 2008 og skal vere ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for heilskapleg og berekraftig utviklingsarbeid i distrikta. Distriktsenteret skal innhente, systematisere og formidle informasjon om lokale utviklingstiltak, aktivt gi rettleiing til lokale initiativ og aktørar og skaffe fram relevant dokumentasjon. Distriktsenteret skal aktivt medverke til å bygje opp kompetanse om utfordringar i distrikta gjennom å samle erfaringar frå vellykka prosjekt. Den viktigaste målgruppa for Distriktsenteret er kommunane i Distrikts-Noreg. Meir informasjon er tilgjengeleg på [www.distriktsenteret.no](http://www.distriktsenteret.no).

## KOMMUNALBANKEN AS

Kommunalbanken er eit aksjeselskap der staten eig 80 prosent og Kommunal Landspensjonskasse (KLP) 20 prosent. Formålet med Kommunalbanken er å gi lån til kommunar, fylkeskommunar, interkommunale selskap og andre selskap som utfører kommunale oppgåver mot anten kommunal garanti, statleg garanti eller annan sikker garanti. Selskapet tek del i kreditmarknaden på like vilkår som andre finansieringsføretak. Ei viktig oppgåve for Kommunalbanken er å bidra til konkurransen om utlån til kommunar og fylkeskommunar, slik at kommunesektoren kan sikrast billige lån.

## HUSBANKEN

Husbanken er staten sitt sentrale organ for gjenomføring av bustadpolitikken. Banken bidreg til å skaffe bustader for bustadlause, flyktningar og andre vanskelegstilte. og han administrerer bustøtta og tilbyr lån og tilskot. Husbanken bidreg òg til miljøvennlege, universelt utforma og rimelege bustader, til gode buminjø og til utbetring av bustader. Husbanken gir vidare tilskot til barnehagar, skolar, omsorgsbustader og sjukeheimar. Banken gir råd og fagleg assistanse, og er engasjert i bustadfagleg og bustadpolitisk utgreingsarbeid. Husbanken har

kontor i Drammen, Oslo, Arendal, Bergen, Trondheim, Bodø og Hammerfest. I Bodø ligg dessutan ei klagenemnd for Husbanken.

## STATENS BYGNINGSTEKNISKE ETAT

Statens bygningstekniske etat er den sentrale myndigheita for det bygningstekniske regelverket. Etaten er vidare tilsynsmyndighet for reglane om dokumentasjon av eigenskapane til byggjevarer, og etaten driv ordninga for sentral godkjenning av føretak etter plan- og bygningslova. Målet er at alle byggverk skal vere gagnlege for den enkelte og for samfunnet. Etaten samarbeider med myndigheiter, bransjar, brukarar og organisasjonar og dessutan nordiske myndigheiter og EØS-organ. Etaten utviklar og gir ut rettleiingar, utfører informasjons- og undervisningsarbeid og formidlar kunnskap i eigen regi eller i samarbeid med andre.

## HUSLEIGETVISTUTVALET (HTU) I OSLO OG AKERSHUS

Husleigetvistutvalet behandler tvistar mellom leigarar og uteigarar av bustader. Formålet er å sikre rask, rimeleg og kompetent behandling av tvistane. Husleigetvistutvalet blei etablert som prøveordning i 2001, men er gjort permanent frå 1. januar 2009. Utvalet kan mekle og ta avgjerder i alle typar tvistar som gjeld leige av bustad i Oslo og Akershus. Det er bestemt at HTU skal utvidast geografisk til Bergen og Trondheim.

## SELSKAPET FOR INDUSTRIEKST SIVA OG INNOVASJON NOREG

SIVA og Innovasjon Noreg ligg under Nærings- og handelsdepartementet, men er sentrale aktørar for å nå dei regionalpolitiske måla. SIVA opererer på vegner av departementet i fleire program med sikte på å leggje til rette infrastruktur for meir innovasjon og verdiskaping i distrikta. Innovasjon Noreg har tilbod for både enkelpersonar og verksemder, og kan mellom anna hjelpe til med finansiering, kompetanse, nettverk, rådgiving og profilering.

# Større aktivitetar i 2008

---

Under gir vi ei kort oversikt over større aktivitetar i Kommunal- og regionaldepartementet i 2008. For ei meir omfattande rapportering viser vi til St.ppr. nr. 1 (2008–2009).

## MELDINGAR, PROPOSISJONAR OG OFFENTLEGE UTGREIINGAR

### St.ppr. nr. 1 (2008-2009)

#### Kommunal- og regionaldepartement

I budsjettproposisjonen blir dei økonomiske rammene for ansvarsområdet til departementet for det kommande budsjettåret 2009 fremma. Budsjettforslaget fordeler om lag 92,7 milliardar kroner på 15 budsjettkapittel. I proposisjonen er det også gjort greie for korleis budsjetta for 2007 og 1. halvår 2008 blei disponerte, og det er rapportert om måloppnåinga på området vårt.

### St.ppr. nr. 18 (2008-2009)

#### *Om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Kommunal- og regionaldepartementet*

Endringane gjeld det løpende budsjettåret og er i all hovudsak av teknisk karakter, til dømes justeringa ved endring av renta. Andre viktige endringar var mellom anna auka skjønnstilskot til Froland etter skogbrannen sommaren 2008 og til Porsanger til omstillingsarbeid.

### St.ppr. nr. 57 (2007-2008)

#### *Kommuneproposisjonen 2009*

Kvart år i kommuneproposisjonen kjem dei første signala frå regjeringa til kommunesektoren om kva slags økonomiske rammer sektoren kan vente seg det kommande året. I tillegg blir også eventuelle endringar i det økonomiske opplegget for budsjettåret ein er inne i, presenterte. Andre viktige delar i proposisjonen er fornying i kommunesektoren og statlege rammeføresetnader, mellom anna endringar knytte til oppgåvefordeling og regelverk på områda til fagdepartementa. Ei stor sak i kommuneproposisjonen 2009 var endringane i inntektssystemet for kommunane.

### St.meld. nr. 33 (2007-2008)

#### *Eit sterkt lokaldemokrati*

Meldinga omtalar situasjonen for lokaldemokratiet og peiker på den sentrale rolla kommunane har for både demokrati og velferdsproduksjon. Det skal leggjast til rette for brei deltaking, rettvise fordeling, tryggleik gjennom fellesskapsløysingar og medverknad frå den enkelte. Viktige prinsipp er statleg rammestyring, tett integrasjon av staten og kommunane i gjennomføringa av velferdspolitikken, styrkt dialog mellom forvaltningsnivå og tillit mellom dei. I meldinga ligg det forslag til tiltak for å styrkje lokaldemokratiet, som forsøk med stemmehett for 16-åringar ved kommuneval, tiltak for gjennomføring av val og tiltak for å styrkje rolla til dei folkevalde organa i kommunen. Meldinga føreslår også å lovfeste retten kommunane har til å halde folkeavstemmingar.

### Ot.ppr. nr. 17 (2008-2009)

#### *Om lov om endringer i kommuneloven og svalbardloven (om tillitskapende forvaltning mv. i kommuner og fylkeskommuner)*

Departementet la fram forslag om lovendringar for å sikre tillitskapande forvaltning i kommunar og fylkeskommunar. Etikk blir lyfta inn i formålsparagrafen i kommunelova, og kommunane skal i årsmeldinga rapportere om kva dei gjer for å sikre høg etisk standard. Fylkesmennene skal kunne kontrollere avgjerder om å lukke politiske møte og avgjerder om habilitet. Proposisjonen følgjer opp arbeidet i Forum for etikk i kommunesektoren i åra 2006 til 2008 og ei kartlegging frå 2007 av regelverket for kommunesektoren i eit etisk perspektiv.

### Ot.ppr. nr. 10 (2008-2009)

#### *Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv. (giennomføring av forvaltningsreformen)*

Samleproposisjonen føreslår lovgrunnlaget for å sikre at dei fleste nye oppgåvene som fylkeskommunane skal ta over frå 1. januar 2010, blir tekne

hand om. Meldingsdelen oppsummerer oppgåvene. Fylkeskommunane tek over 49 prosent av eigarskapen til Innovasjon Noreg. Det er oppretta regionale forskingsfond. Fylkeskommunane får vidare ansvar for å forvalte tilskot til fagskolane og for oppgåver innan akvakultur og havressursforvaltning. Dei får utvida ansvar på kulturfeltet og får overført oppgåver innan miljøvern- og landbruksforvaltninga. I tillegg får dei ansvar for riksvegar med tilhøyrande ferjestrekningar.

#### **Ot.prp. nr. 53 (2007-2008)**

*Om lov om endringer i kommuneloven (forlengelse av inndeningsperioden for underskudd)*

Departementet fremma forslag om å endre kommunelova slik at departementet i særlege tilfelle skal ha myndighet til å gi kommunar og fylkeskommunar høve til å dekkje inn underskot i rekneskapen over ein lengre periode enn dei fire åra som den dagjeldande retten tillét. Dette var grunngitt med at dei samfunnsmessige og økonomiske konsekvensane av å dekkje inn underskot innanfor fristane i lovverket i nokre enkelte tilfelle kunne bli utilbørlig store.

#### **Ot.prp. nr. 45 (2007-2008)**

*Om ny plan- og bygningslov (byggjesaksdelen)*

Ei ny plan- og bygningslov skal medverke til at bustader og bygg er sikre, og at omsynet til universell utforming, miljøvern og god kvalitet står sentralt i byggjeverksemda. Reglane om byggjesaksbehandling blir meir oversiktlege, og fokuseringa på kvalitet i byggjesaka blir skjerpa. Vurderinga av føretak skal bli betre, og det skal nyttast meir uavhengig kontroll og førast meir tilsyn med byggetiltaka og byggjeføretaka. Departementet har også arbeidd med å revidere forskrifta til lova. Forslaget til ny forskrift skal ut på høyring våren 2009 med sikte på at lova og forskrifta kan ta til å gjelde frå 1. januar 2010.

#### **St.prp. nr. 11 (2008-2009)**

*Ei styrkt bustøtte*

Departementet la fram ein stortingsproposisjon om ei styrkt bustøtte som skal setjast i verk 1. juli 2009. Etter omlegginga skal alle, med unntak av studenter utan barn og militære, kunne få bustøtte om dei fyller krava. Om lag 10 000 fleire barnefamiliar og 40 000 aleinebuande og par utan barn vil kunne kome inn under ordninga. Desse kjem i tillegg til dei om lag 100 000 husstandane som i dag får bustøtte. Omlegginga gir også enklare reglar. Krava til person og bustad er moderniserte og forenkla, og kravet til finansiering er fjerna. Styrkinga vil på lengre sikt koste om lag 1 milliard kroner.

#### **Ot.prp. nr. 6 (2008-2009)**

*Om lov om Husbanken*

Kommunal- og regionaldepartementet har i 2008 fremma ein proposisjon om ny husbanklov. Lova skal setjast i verk 1. januar 2010. Det blir føreslått at Husbanken skal vere eit forvaltningsorgan utan styre. Dagens regionstyre blir erstatta med regionale råd. Dei regionale råda vil samla utgjere eit sentralt råd.

#### **Ot.prp. nr. 74 (2007-2008)**

*Om lov om endringar i husleigelova*

Lovendringa inneber mellom anna at utleigaren ved leigeavtalar om bustad som er inngått for ei viss tid, skriftleg må opplyse at leigeavtalen ikkje kan seiast opp i den avtalte leidgetida. Brot på denne opplysningsplikta vil føre til at leigeavtalen likevel kan seiast opp i leidgetida. Lova gir høve til å avtale at leigaren skal betale særskilt for utgifter til vatn og avløp. Andre endringar gjeld depositum og spesialreglane ved utleige av bustader til folk som har det vanskeleg på bustadmarknaden.

## RÅD OG UTVAL

### Regjeringsutvalet for distrikts- og regionalpolitikk

Regjeringsutvalet for distrikts- og regionalpolitikk er leidd av kommunal- og regionalministeren, og departementet er sekretariat for utvalet. Det blei gjennomført fire møte i utvalet i 2008. Departementet førebur saker og tema som regjeringsutvalet skal arbeide med, og følgjer jamleg opp møta.

Arbeidet var i 2008 spesielt knytt til den nye stortingsmeldinga om distrikts- og regionalpolitikk. Vidare står nordområda, fjellpolitikk, NTP, lokaliseringspolitikk og små og mellomstore byregionar på dagsordenen.

### Utvale om lovframlegg av friviljuge sikringsordningar i burettslag

Eit hurtigarbeidande statssekretærutval gjekk i 2008 gjennom sentrale problemstillingar i samband med burettslag, med særskild vekt på låginnskots-bustader. Som ein del av oppfølginga blei det sett ned eit utval som skal utarbeide lovframlegg om nye reglar og minimumskrav til frivillige sikringsordningar i burettslag. Ordninga skal sikre partseigarar mot å bli ansvarlege for felleskostnadene til dei andre partseigarane. I dag finst det ikkje lover som regulerer slike sikringsordningar i burettslag. Utan særskilde lovkrav er det mogleg å etablere ordningar som gir ulike grader av tryggleik, og som blir marknadsførte som sikringsordningar. Dermed blir det vanskeleg for forbrukarane å orientere seg, og i verste fall kan dei kjøpe ei teneste som gir falsk tryggleik.

### Ålesundsutvalet

Kommunal- og regionaldepartementet sette saman med Justis- og politidepartementet ned eit utval for å gjennomgå den tragiske ulykka i Ålesund 26. mars 2008, der fem personar omkom da ei bustadblokk rasa ut. Formålet var å få klårlagt korleis denne tragiske ulykka kunne skje, og korleis ein kan minske risikoien for at liknande ulykker skjer på nytt. Utvalet skulle mellom anna sjå på om det bør gjerast endringar i regelverket.

Utvale konkluderte i rapporten sin med at ulykka blei behandla på ein god måte, og fremheva at Ålesund kommune gjorde ein framifrå innsats for å ta vare på dei som på ulikt vis blei ramma av ulykka. Ifølgje utvalet var skredet eit direkte resultat av at terrenget blei endra før bygginga av bustadblokka. Utvalet føreslo mindre endringar og presiseringar i plan- og bygningslova som blei tekne opp med kommunal- og forvaltningskomiteen i Stortinget og innlemma i lovframlegget som låg til behandling

### Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi

Utvale blei oppnemnt i 1979 og er eit partssamansett utval for rapportering, statistisk tilrettelegging og fagleg vurdering av data som gjeld økonomien i kommunane og fylkeskommunane. Utvalet utarbeider årleg to rapportar og tre notat til konsultasjonsmøta mellom staten og kommunesektoren. Departementet er ein del av sekretariatet for utvalet og har ei koordinerande rolle ved utarbeiding av rapportar og notat.



## **PROSJEKT OG ANDRE STØRRE OPPGÅVER**

### **Arbeid med å opprette Distriktscenteret**

Distriktscenteret – kompetansesenter for distriktsutvikling blei etablert som verksemd under departementet i 2008. Direktør Halvor Holmlia blei tilsett vinteren 2008. Leiargruppa for Distriktscenteret blei tilsett sommaren 2008, og senteret blei formelt opna 4. september. Ved årsskiftet hadde Distriktscenteret 17 tilsette. Hovudoppgåvene i departementet i samband med etableringa var å få på plass styringsdialog og avgjelder som har med oppgåver og innretning å gjøre. I tillegg har departementet støtta direktøren i arbeidet med å få på plass lokalisering i Tjøtta (Alstadhaug), Sogndal og Steinkjer, med tilsetjingar og med å få etablert nødvendige administrative system.

### **Regionale fagseminar om forvaltningsreforma**

I arbeidet med forvaltningsreforma blei det i 2008 fokusert på samhandlinga mellom staten og fylkeskommunane. Det er viktig for å nå målet om betre samordning gjennom reforma. Departementet arrangerte fem regionale fagseminar der målgruppa var den administrativ leiinga i fylkeskommunar og departement. Målet med seminara var å utveksle erfaringar og synspunkt, konkretisere utfordringar og gi innspel til vidare utvikling av samhandlinga for å gi meirverdi regionalt og nasjonalt.

### **Omdømmeskulen og Ry**

Departementet gjennomførte i 2008 eit forsøk med ein omdømmeskole der 15 kommunar og éin region deltok. Målet var å inspirere kommunar og regionar til å arbeide systematisk med omdømme prosessar og profilering overfor unge og folk i etableringsfasen. Nettsida [www.regjeringen.no/ry](http://www.regjeringen.no/ry) blei lansert i september som ei inspirasjonsside for omdømme arbeid i kommunar og regionar. Både omdømmeskolen og nettsida har fått gode tilbakemeldingar frå målgruppa.

### **Kvalitetskommuneprogrammet**

Programmet er ein del av fornyingsarbeidet til regjeringa og er eit samarbeid mellom staten, KS og arbeidstakarorganisasjonane. Programmet skal medverke til å styrke omdømmet til kommunsekturen. Målet med samarbeidet er å auke kvaliteten i det kommunale tenestetilbodet gjennom ei samhandling mellom dei folkevalde, leiarane og dei tilsette, slik at innbyggjarane merkar ei forbetring. Det er eit særskilt mål å redusere sjukefråværet i kommunsekturen. Departementet sitt ansvar er særleg knytt til prosjektgjennomføring, styringsorgan (politisk kontaktmøte og administrativ styringsgruppe), metodeutvikling, rapportering, evaluering og formidling. Totalt var 138 kommunar med i 2008. Prosjektperioden går frå 2007 til 2009.

### **Val – enklare å røyste, designprogram og e-valsprosjekt**

Statens designkonkurranse 2008 "Design og demokrati" gjaldt utstyr i og utforming av vallokala. Tanken er å få til gode og funksjonelle valavlukke, valurner og eit grafisk program for skilting i vallokala med stor vekt på universell utforming. Vinnarløysinga skal prøvast ut i nokre pilotkommunar ved valet i 2009. Dersom løysinga viser seg å fungere godt, vil alle kommunane få tilbod om å kjøpe heile eller delar av løysinga.

Departementet starta i august eit prosjekt der målet er å prøve ut elektronisk røysting ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2011. E-val 2011-prosjektet skal etablere ei sikker elektronisk valløysing som skal gjøre det enklare å røyste for alle brukargrupper. Det er viktig at valet kan gjennomførast raskt med effektiv ressursbruk i kommunane, og at det er mogleg å prøve ut direkte demokrati. Det høge truverdet dagens valgjennomføring har, basert på prinsippet om hemmeleg val, skal bevarast.

## **Utstillingsvindauge for kvinner i lokalpolitikken**

Prosjektet blei sett i gang i 2007 og skal halde på ut 2011. Formålet er å auke representasjonen av kvinner i lokalpolitikken. Det er framleis langt fram til målet om jamn kjønnsfordeling i kommunale folkevalde organ. Sjølv om utviklinga har vore positiv dei siste 30–40 åra, har det siste tiåret vore prega av stagnasjon. 22 deltagarkommunar skal prøve ut ulike tiltak for å betre kjønnsbalansen i lokalpolitikken. 100 lokalpolitikarar deltok på den årlege konferansen i Alta. Konferansen fokuserte på den viktige rolla partia har for å rekruttere kvinner – og på ansvaret lokalmedia har for å synleggjere kvinnelege politikarar.

## **Oppfølging av Terra-saka og ny forskrift om finansforvaltning**

Departementet orienterte i brev av 18. april 2008 alle kommunar og fylkeskommunar om forståinga av låneomgrepene i kommunelova § 50. I brevet la departementet til grunn vurderinga frå Justis- og politidepartementet av det såkalla Vik-brevet.

Departementet gav hausten 2008 tilsegn om til saman 31 mill. kr i ekstraordinære skjønnsmidlar til tre kommunar for budsjettåret 2009. Riksrevisjonen tok føre seg behandlinga og oppfølginga til Kommunal- og regionaldepartementet av det såkalla Vik-brevet. Rapporten frå Riksrevisjonen blei lagd fram for Stortinget i juni 2008.

Departementet har også gjort framlegg om ein stramme praksis ved at forvaltninga i kommunane og fylkeskommunane må samsvare med eigen kunnsskap om finans. Krava til rapportering til kommunestyra og fylkestinga er dessutan monaleg styrkte, slik at kommunestyra i sterkegrad blir involverte i den løpende forvaltninga. Det er også gjort framlegg om at kommunane og fylkeskommunane skal vedta sitt eige finansreglement minst éin gong kvar kommunestyre- eller fylkestingsperiode. Ei ny forskrift blir fastsett før sommaren 2009.

## **Bustadsosialt arbeid**

I samband med arbeidet for å kjempe mot og førebyggje bustadløyse blei det i 2008 gjennomført ei evaluering av strategien "På vei til egen bolig". Det blei også sett i gang ei kartlegging av bustadløyse, og rapporten og resultatet frå dette arbeidet vil vere klart sommaren 2009.

I 2008 fokuserte departementet på vidareutviklinga av dei bustadsosiale ordningane og samhandlinga mellom dei økonomiske verkemidla bustønad, bustadtilskot og startlån. Det blei lagt vekt på sterke oppfølging av bustadtilskot til utelegebustader. Eit sett med styringsparametrar som skal gi betre kunnskap om verkemåten til dei ulike ordningane, blei utarbeidd.

## **Universell utforming**

Universell utforming er sentralt i departementet sitt arbeid med ny plan- og bygningslov (byggjesaksdelen). Lova skal etter planen tre i kraft 1. januar 2010. I 2008 blei det sett i gang eit arbeid med å lage utkast til forskrifter om skjerpa krav til tilgjenge og universell utforming av publikumsbygg og arbeidsbygg. Krava til universell utforming vil gjelde både nye og eksisterande bygg retta mot allmenta. Krava skal også ta hand om behovet for trygge evakueringsløysingar. Det blei vidare sett i gang arbeid med forskrifter for oppgradering av enkelte bygningstypar til å vere universelt utforma innan ein viss frist.

Miljø- og energivennlege bustader og bygg  
Departementet arbeider for å auke talet på miljøvennlege bustader og bygg med lågt energibruk. Forslag til skjerpa krav skal sendast på høyring saman med andre forskrifter til plan- og bygningslova i 2009. Departementet har også ansvar for å følgje opp fleire av tiltaka i Klimameldinga og i Klimaforliket. Det gjeld mellom anna forbodet mot oljekjelar i nye bygg. Arbeidet med ny miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren blei påbegynt i 2008.

## **INTERNASJONALE AKTIVITETAR**

Departementet deltek i ei rekke internasjonale organ og aktivitetar.

Under følgjer ei oversikt over dei viktigaste internasjonale aktivitetane i 2008.

### **NORDISK SAMARBEID**

#### **Nordisk kommunalministermøte i Finland, august 2008**

Kommunal- og regionaldepartementet deltok på det nordiske kommunalministermøtet i Helsingfors i 2008. Hovudtemaet for møtet var: korleis utvikle tenester som kommuneforvaltninga har ansvaret for – produktivitet, effektivitet, kvalitet og likeverd.

#### **Nordisk regionalministermøte i Umeå, september 2008**

Kommunal- og regionaldepartementet deltok på det nordiske regionalministermøtet i Umeå i september 2008. Her blei det nordiske regionalpolitiske samarbeidsprogrammet for perioden 2009–2012 vedteke. Noreg deltek i tre arbeidsgrupper og leier arbeidsgruppa for tredje generasjons regionalpolitikk. Noreg har teke initiativ til samarbeid om innspel til kommisjonen si grønbok om territoriell samhørsle og har delteke i tenestemannsgrupper.

### **EØS og Interreg**

Kommunal- og regionaldepartementet finansierer ei stilling som ambassaderåd for kommunale og regionale saker i Brüssel. Departementet har i kontakten med råden særleg følgt arbeidet med nye direktiv, mellom anna tenestedirektivet, det territorielle samarbeidet og regelverket om offentleg støtte.

EU-landa har starta diskusjonane om regionalpolitikken til EU etter 2014. Dei viktigaste prosessane som Noreg deltek i, er EUs territorielle agenda og oppfølginga av Leipzig-charteret, der by–land-spørsmål og differensiert regionalpolitikk er sentrale tema. Departementet har mellom anna gitt innspel til arbeidet med grønboka om territoriell samhørsle, som er eit sentralt omgrep.

Noreg deltok òg i november 2008 på det uformelle ministermøtet til EU for boligpolitikk, bypolitikk og regionalpolitikk.

Departementet har følgt opp det territorielle samarbeidet Interreg, mellom anna gjennom å delta i avgjerdskomitear og administrative komitear. I 2008 kom den 4. generasjonen Interreg-program i drift for alvor, med stor interesse frå norske miljø.

### **ESA-saker**

I 2008 blei tre saker innanfor verkeområdet til Bustad- og bygningsavdelinga behandla av EFTAs overvakingsorgan ESA. Den eine saka gjaldt den nye regelen om energiforsyning med krav om at bygningar skal prosjekterast og utførast slik at ein vesentleg del av varmebehovet kan dekkjast av anna energiforsyning enn elektrisitet og /eller fossilt brensel. Den andre saka gjaldt ein klage frå ein produsent av isolasjonsprodukt med påstand om brot på reglane om notifisering av tekniske reglar. Den siste saka gjeld retten til å føre periodisk tryggleikskontroll med heisanlegg. ESA har opna formell saksbehandling fordi dei ser at det i denne saka ligg føre brot på EØS-avtalen. Avdelinga er i dialog med ESA om ei mogleg løysing.

### **Europarådet**

Departementet har delteke aktivt på det kommunalpolitiske området i Europarådet. I Europeisk komité for lokalt og regionalt demokrati (CDLR) kan departementet utveksle erfaringar med andre land om endringar i rammevilkår og nye initiativ. Departementet deltok på Forum for demokratiets framtid i Madrid 16.–17. oktober, der tema var e-demokrati.

### **OECD**

Departementet deltek i OECDs komité for regionalpolitikk (TDPC) og i OECDs programkomité for lokal økonomisk utvikling og sysselsetjing (LEED). OECD avslutta i 2007 landgjennomgangen sin av norsk distrikts- og regionalpolitikk.

## **UN-HABITAT – AGRED-møte i Oslo, juni 2008**

Etter ein avtale mellom UN-HABITAT, indiske myndigheter og Noreg som blei inngått under styremøtet i UN-HABITAT i 2007, gjennomførte Noreg eit ekspertseminar om oppfølging av "Guidelines on Decentralisation and Strengthening of Local Authorities" i Oslo tidleg i juni 2008. Seminaret blei planlagt og gjennomført i samarbeid mellom UN-HABITAT og Kommunal- og regionaldepartementet ved Bustad- og bygningsavdelinga og Kommunalavdelinga.

### **World Urban Forum IV, Nanjing, Kina oktober 2008**

Kommunal- og regionaldepartementet koordinerte og gjennomførte den offisielle norske deltagninga på WUF IV i Nanjing i Kina i oktober 2008. Departementet planla deltagninga i samarbeid med ei koordineringsgruppe med representantar frå Utanriksdepartementet, Miljøverndepartementet, Norad og Husbanken. Noreg deltok med ei utstilling i tillegg til innlegg og presentasjonar i relevante fora. Private norske aktørar deltok også med ulike presentasjonar.

## **TVERRFAGLEGE AKTIVITETAR**

### **Riksrevisjonens kontroll**

Kvart år legg Riksrevisjonen fram Dokument nr. 1, som er ein rapport om den årlege revisjonen og kontrollen i budsjettåret. I 2008 hadde Riksrevisjonen for budsjettet for 2007 merknader til Kommune-Stat-Rapportering (KOSTRA) og til Husbankens

rekneskap for 2007. Riksrevisjonen legg òg kvart år fram Dokument nr. 3:1, som er ein rapport om oppfølginga av tidlegare forvaltningsrevisionar som er behandla av Stortinget. Under ansvarsområdet til departementet låg ei oppfølging av Riksrevisjonens undersøking av kommunane sitt ansvar for skolebygningar – Dokument nr. 3:13 (2004–2005). Riksrevisjonen ser saka som avslutta.

I 2008 har Riksrevisjonen gjennomført desse forvaltningsrevisionane under ansvarsområdet til departementet:

Dokument nr. 3:8 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av tilbudet til de vanskeligstilte på boligmarkedet*

Dokument nr. 3:11 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av behandling og oppfølging av Vik-brevet i Kommunal- og regionaldepartementet ("Terra-saka")*

Dokument nr. 3:4 (2008–2009) *Riksrevisjonens undersøkelse av Innovasjon Norge som statlig næringsutviklingsaktør* (Nærings- og handelsdepartementet er hovudansvarleg departement.)

### **Risikostyring**

Arbeidet med risikostyring er frå og med 2008 inkludert som ein del av den ordinære styringsdialogen i departementet. Risikovurdering skjer i samband med revidering av verksemdsplanen for dei ulike avdelingane. Risikoanalysane blir drøfta på toppleiarnivå og gir eit utgangspunkt for justeringar av strategiar og arbeidsmål.



## **Etatsstyring**

Etatsstyring er dei administrative og faglege aktivitetane som departementet utevær for å formidle og sjå til at arbeidet i etatane er i samsvar med måla og den ønskte resultatoppnåinga innanfor pålagde og avtalte rammer. Det blei i 2008 utarbeidd eigne retningslinjer for etatsstyringa i departementet. Departementet har svært ulike etatar, og styring og oppfølging må tilpassast eigenarten, risikoen og vesentlegheita i dei enkelte etatane.

## **Innkjøp**

Departementet er ei kunnskapsbasert verksemد, og særleg kjøp av forskings- og utgreiingsoppdrag og konsulenttenester er viktig. Departementet er svært opptekne av å følgje lov og forskrift om offentlege innkjøp, og det stiller krav til relevant kompetanse. I tillegg til at enkelte tilsette gjekk på enkeltkurs, heldt Difi i 2008 eit spesialtilpassa kurs for tilsette i departementet som fokuserte på planlegging, leiaransvar og miljø i tillegg til instruksane i regelverket om konkurranse og dokumentasjon generelt. 33 tilsette deltok på dette kurset, og ein stor del var leiarar. Arbeidet med å utarbeide ein innkjøpsstrategi blei ikkje ferdig i 2008 og held fram i 2009. I dette arbeidet blir også organiseringa av innkjøpsarbeidet internt i departementet vurdert.

## **Etikk**

Det blei innført nye etiske retningslinjer for staten i 2005. Vi har sidan den tid gjennomført ei rad

tiltak internt for å auke medvitet om statens etiske normer og reglar, mellom anna:

Dei etiske retningslinjene er omtalte i tildelingsbreva våre til dei underliggjande verksemdene.

- I 2008 blei det utarbeidd rutinar for varsling i departementet.
- Etiske retningslinjer er ein del av programmet for nytilsette i departementet.
- Etiske retningslinjer er tema i dei årlege leiar-kontraktssamtalane departementsråden har med ekspedisjonssjefar og verksemdsleiarar.
- I 2008 blei det utarbeidd eit dokument med ulike etiske dilemma og moment som grunnlag for diskusjon knytt til etikk og moral i departementet.

## **Forsking og utviklingsarbeid**

Departementet har utarbeidd ein FoU-strategi som gir oversikt over kva kunnskapsbehov departementet ser framover i perioden 2006–2010. Strategien dannar grunnlaget for satsinga og prioriteringa vår innanfor forsking og utvikling, og er retningsgivande for samspelet med forskingsmiljø. I 2008 blei ein stor del forskingsmidlar kanalisert gjennom større program i Noregs forskingsråd. Departementet har også inngått ein strategisk avtale med Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR). Når det har

---

## **Gjennomførte evalueringar**

Det blir kvart år gjennomført ei rekke evalueringar innanfor områda til departementet. I 2008 blei følgjande evalueringar/utgreiingar gjennomførte av departementet eller dei underliggjande verksemdene:

### **Tilskot til fylkeskommunane til regional utvikling**

- Interreg-prosjektenes betydning for norsk regionalpolitikk. Forstudie (IRIS)
- Kundeeffektundersøkelsen: Førundersøkelse 2007-årgangen. (Innovasjon Norge)
- Kundeeffektundersøkelsen: Etterundersøkelse 2004-årgangen. (Innovasjon Norge)

### **Bustadsosialt arbeid**

- Samspillet mellom bostøtte, boligtilskudd og startlån (NIBR-rapport 2008:13)
- Survey blant norske kommuner om organisering av boligsosialt arbeid (Rambøll management)
- På vei til egen bolig. Evaluering av nasjonal strategi for å forebygge og bekjempe bostedsløshet 2005–2007 (NIBR-rapport 2008:15)
- Kommunale utleieboliger. Årsaker til lav vekst og forslag til tiltak som kan bidra til økt vekst (Econ Pöyry-rapport 2008-096)

### **Nasjonale tiltak for regional utvikling**

- Utredning om erfaringene med bruk av ekstraordinære midler i 11 kommuner i Finnmark (NORUT A/S)
- Evaluering av KRDs forprosjekt innenfor kultur og kulturbasert næringsliv
- Evaluering av bruken av infrastrukturmidlene i FORNY-programmet (Norges forskningsråd)
- Evaluering av næringshageprogrammet (SIVA)
- Evaluering av industri-inkubatorprogrammet (SIVA)
- Evaluering av Kvinner i Fokus og Nettverkskreditt (Innovasjon Norge)
- Nullpunktanalyse NCE. Grunnlag for fremtidige evalueringar (Innovasjon Norge)

vore formålstenleg, har utgreiingar og evalueringar blitt finansiert over dei ulike fagkapitla. Sjå lista nedanfor.

### **IKT, tryggleik og beredskap**

Informasjonsteknologi er eit viktig hjelpemiddel for at medarbeidarane våre skal kunne løyse oppgåvane sine effektivt og med god kvalitet. Det er Servicesenteret for departementa (DSS) som driftar IKT-systema til departementet. I 2008 blei alle IKT-systema våre overførte og fasa inn i ei felles teknisk plattform, som vi deler med 12 andre departement (prosjekt DepInn). Ved dette høvet blei òg ein del teknisk utstyr og programvare skifta ut.

Etter at Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) gjennomførte eit tilsyn med beredskapsarbeidet i 2006, har departementet i 2007 og 2008 arbeidd med å revidere planen for krisehandtering og førebu innføring av eit nytt elektronisk system for krisehandtering. Det har skjedd i samarbeid med Krisestøtteininga (KSE) i Justis- og politidepartementet.

I 2008 har Brann- og redningsetaten i Oslo kommune gjennomført branntilsyn i fleire av departementa, mellom anna Kommunal- og regionaldepartementet. Tilsynet bestod av ein gjennomgang av dokumentasjonen og rutinane for brannvernberedskap i departementet.

### **Arkiv**

Etter arkivlova skal alle offentlege verksemder ha eit arkiv som er ordna og innretta slik at dokumenta er trygge som informasjonskjelder no og i framtida. Det blei i 2008 registrert i alt 17 358 dokument i systemet. Av dette var 8 401 inngående dokument, 3 763 var utgående dokument og 5 192 interne notat. 4 071 av desse dokumenta blei registrerte som e-post. Departementet fekk 918 krav om innsyn i 2008, ein reduksjon på 29 førespurnader frå 2007. 267 innsynskrav blei avslått, og departementet fekk seks klagar på avslaga. Fem av avslaga blei trekte, og eitt fekk medhald i innsyn. Ingen av krava blei anka til kongen. Vi begynte i 2007 eit særskilt prosjekt med avlevering av arkivmateriale til Riksarkivet. Arbeidet vil halde fram i 2009.

## Kommunikasjonstiltak

Departementet skal vise fram politiske resultat og ta vare på innbyggjarperspektivet.

For å nå desse måla tek vi aktivt i bruk kommunikasjon.

Kommunikasjonseininga og dei andre fagavdelingane laga kommunikasjonsopplegg for fleire viktige saker i 2008. Statsbudsjettet og kommuneproposjonen er to store årlege hendingar. I tillegg jobba departementet aktivt overfor media for å kommunisere innhaldet i forvalningsreforma, den nye plan- og bygningslova, den styrkte bustønaden og etableringa av nettportalen www.ry.no, for å nemne nokre viktige saker.

Kommunikasjonseininga tek seg av media når dei kontaktar departementet for å få innsyn eller opplysningar om saker eller ber om kommentarar frå den politiske leiinga. Ei anna oppgåve er å leggje til rette for statsråden ved vitjing i kommunar, bedrifter, organisasjonar og liknande over heile landet.

Talet på førespurnader frå media	Ca. 800
Talet på pressemeldingar og -innbydingar	177

Nettsidene til departementet, [www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no), er ein av dei viktigaste kanalane våre utetter. I 2008 har alle fagavdelingane i departementet medverka med oppdatert og brukarvennleg informasjon for å støtte opp om departementet sin idé for verksemda om å leggje til rette for ein betre kvardag for alle.

Eit viktig arbeid i 2008 var ein dugnad med temaside i fokus. Temaside er nettsider som gir brukaren både eit breitt oversyn og høve til å avgrense søket innanfor temaet.

Besök på regjeringa.no/krd	Ca. 470 000
Sidevisningar på regjeringa.no/krd	Ca. 1,7 mill.
Mest besøkte nettside på regjeringa.no/krd	KOSTRA
Årets nykommar på regjeringa.no/krd	Nyttig å vite om husleieloven
Video, nett-tv og lydfilar på regjeringa.no/krd	Fem videoer, to nett-tv-sendingar og elleve lydfiler

Departementet fekk eit nytt intranett i 2008 som gir dei tilsette aktuell og oppdatert informasjon og speglar det indre livet i departementet. Alle tilsette i departementet har der ansvar for å hente og gi informasjon om arbeidet, resultata og verktøyta.


## Miljøleiing – Grøn stat

Arbeidet med Grøn stat blei vidareført i 2008.

Departementet prøver å fokusere på avfall, energi, transport og innkjøp. Ny teknologi gjer det i større grad enn tidlegare mogleg å redusere reiseaktiviteten noko, og departementet vil fokusere meir på dette i åra som kjem. Med dagens bygningsmasse og tekniske infrastruktur er miljøomsyn godt innarbeidde i den tekniske drifta av departementet.

## Mållova

Mållova slår fast at verken nynorsk eller bokmål skal vere representert med mindre enn 25 prosent i rundskriv, kunngjeringar, brosjyrar og liknande. Interne dokument er ikkje omfatta av mållova. I 2008 var nynorskdelen i KRD på 49,3 prosent i kortare tekstar (under 10 sider) som pressemeldingar, stillingsannonser, kortare høringsnotat og rapportar. Nynorskdelen i lengre tekstar (over 10 sider) som til dømes større rapportar og høringsnotat, rettleiingar, retningslinjer og liknande var på 19,9 prosent. Stortingsdokument er ikkje medrekna.



## Avdelingane i departementet

Departementet er delt inn i fire avdelingar og ei kommunikasjonseining. I tillegg kjem forkontoret til departementsråden og statsråden. Vi hadde i 2008 eit driftsbudsjett på 137,5 mill. kr. For rekneskapsrapportering viser vi til det siste kapitlet.

### PLAN- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA

AVDELINGFAKTA	
Stillingsramme i 2008	32,5 årsverk
Talet på tilsette i 2008	38 personar (inkl. tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	19 mill. kr
Organisering	Administrasjonsteamet Personalteamet Organisasjonsteamet Økonomistyringsteamet Statsbudsjetteamet Samordningsteamet Planleggingsteamet Dokumentasjonsteamet
Forvaltar totalt	159 mill. kr
Av dette forvaltar departementet direkte	147 mill. kr

Plan- og administrasjonsavdelinga er den administrative avdelinga i departementet og fungerer som stab for departementsråden og serviceeininger for dei andre avdelingane. Talet på årsverk er uendra frå 2007. Arbeidsoppgåvane omfattar samordning og kvalitetssikring av arbeidet i departementet med statsbudsjettet, samordning i høyringssaker og merknader til regjeringsnotat. Avdelinga har ansvar for økonomiforvaltninga generelt og driftsbudsjettet til departementet spesielt, lønns- og personalforvaltning, personalpolitikk, rekneskaps-

føring og arkiv. I 2008 blei det særleg fokusert på risikostyring, mål- og resultatstyring og auka kompetanse om regelverket for offentlege innkjøp i departementet. Det blei arbeidd med planlegging og innfasing av IKT-drift på felles plattform i Servicesenteret for departementa (DSS). Avdelinga forvaltar òg ei fellesløyving til forskings- og utgravingssoppdrag innanfor departementet sitt område, ei mindre løyving til større innkjøp og vedlikehald, i hovudsak innanfor IKT-området, og ei løyving til Noregs forskingsråd.

## REGIONALPOLITISK AVDELING

AVDELINGSAKTA	
Stillingsramme i 2008	40,5 årsverk
Talet på tilsette i 2008	39 personar (inkl. tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	24,3 mill. kr
Organisering	Administrasjonsteamet Analyseteamet Økonomiteamet IA-teamet (internasjonalt arbeid) Lokalteamet Regionteamet Bedriftsteamet Næringsteamet Samordningssekretariatet Prosjekt: Kompetansesenterprosjektet, Forvaltningsreformprosjektet, stortingsmeldinga om distrikts- og regionalpolitikken og Omdømmeprosjektet
Forvaltar totalt	2,4 mrd. kr
Av dette forvaltar departementet direkte	396 mill. kr

Ein aktiv og målretta distrikts- og regionalpolitikk skal bidra til verdiskaping, arbeidsplassar og velferd i heile landet. Dei viktigaste strategiane avdelinga arbeider med, er å skape attraktive arbeidsplassar, eit godt teneste- og velferdstilbod, god infrastruktur og attraktive stader. Avdelinga analyserer utviklingstrekk i samfunnet og følgjer opp politikkutvikling innanfor ulike sektorar som er viktige for utviklinga i distrikt og regionar. Ei viktig oppgåve for avdelinga er å samordne utföringa av politikk i ulike sektorar slik at dei utgjer ein heilskapleg og målretta politikk for regional utvikling. Avdelinga utviklar og forvaltar særskilde distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel


retta mot næringsliv, fylkeskommunar, kommunar og forskingsmiljø. Den daglege forvaltinga av verkemidla er i hovudsak delegert til fylkeskommunane, Innovasjon Noreg, Selskapet for industri- og teknologiverksemd (SIVA) og Noregs forskingsråd. Avdelinga fekk i 2008 ei nyoppretta underliggjande verksemد, Distriktscenteret – kompetansesenter for distriktsutvikling. Avdelinga følgjer den internasjonale utviklinga og er ansvarleg for Noregs medverknad i EU:s program for det grenseregionale, transnasjonale og internasjonale samarbeidet innanfor regionalpolitikken, Interreg. Avdelinga er team- og prosjektorganisert.

## KOMMUNALAVDELINGA

AVDELINGSFAKTA	
Stillingsramme i 2008	49,5 årsverk
Talet på tilsette i 2008	51 personar (inkl. tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	30,3 mill. kr
Organisering	Kommuneøkonomiseksjonen Samordningsseksjonen Juridisk seksjon Avdelingssekretariatet
Forvaltar totalt	65,2 mrd. kr
Av dette forvaltar departementet direkte	180,7 mill. kr
Lover og forskrifter	Kommunelova Vallova Forskrift om sametingsvalet Kommuneinndelingslova Lov om forsøk i offentleg forvaltning Lov om interkommunale selskap

Kommunalavdelinga skal medverke til rammevilkår som legg til rette for lokalt sjølvstyre og ein kommunesektor som på ein god måte kan ta seg av dei ulike rollene som demokratisk arena, tenesteytar, samfunnsutviklar og myndigheitsforvaltar. Avdelinga har ansvaret for inntektsfordeling mellom kommunar og mellom fylkeskommunar gjennom utvikling og drift av inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar. I tillegg arbeider avdelinga med dei samla inntektsrammene for kommunesektoren. Avdelinga samordnar statens tiltak overfor kommunesektoren og forvaltar kommunelova og resten av det juridiske rammeverket. Avdelinga

har ansvaret for kommune- og fylkesinndelinga, oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa, konsultasjonsordninga mellom staten og kommunesektoren og fornyingsarbeid når det gjeld kommunesektoren og forsøksverksemd. Avdelinga førebur og gjennomfører val på nasjonalt nivå. Avdelinga er ansvarleg for KOSTRA, eit nasjonalt informasjonssystem knytt til kommunal og fylkeskommunal ressursbruk, og avdelinga forvaltar statens eigardel i Kommunalbanken AS. Avdelinga forvaltar direkte ei løying til kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet, valløyvinga og delar av løyvinga til skjønnstilskot.



## BUSTAD- OG BYGNINGSAVDELINGA

AVDELINGSFAKTA	
Stillingsramme i 2008	39 årsverk
Talet på tilsette i 2008	43 personar (inkl. tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	24,1 mill. kr
Organisering	Økonomi- og etatsstyringsseksjonen Bustadseksjonen Byggseksjonen Byggkvalitetsseksjonen Plan- og utviklingsseksjonen
Forvaltar totalt	18,3 mrd. kr
Av dette forvaltar departementet direkte	4 mill. kr
Lover og forskrifter	Bustadbyggjelagslova Burettlagslova Eigarseksjonslova Husleigelova Lov om kommunal forkjøpsrett til bustader Husbanklova Plan- og bygningslova, byggjesaksdelen Saksbehandlingsforskrifta Teknisk forskrift Godkjenningsforskrifta Lov om godkjenning og drift av innretningar til bruk i tivoli og moroparkar Oreigningslova Leigegardslova

Bustad- og bygningsavdelinga skal medverke til å nå regjeringa sitt mål om at alle skal kunne bu godt og trygt. Ein god bustad er eit vilkår for eit godt og meiningsfylt liv, og det er derfor viktig at alle har ein bustad som dekkjer deira behov. Regjeringa ønsker at flest mogleg av dei som ønsker det, skal kunne eige sin eigen bustad. Regjeringa vil leggje til rette for ein velfungerande bustadmarknad gjennom mellom anna god informasjon om bustadsektoren og balansert lovregulering av sektoren, i tillegg til god finansiering av bostader i heile landet. Byggjeprosessen skal vere brukarvennleg, effektiv og sikker og redusere omfanget av byggjefeil. Regjeringa ønsker at det bygde miljøet skal utformast med tanke på ei berekraftig utvikling der det blir teke omsyn til klimautfordringar og miljøkvalitetar.

Regjeringa legg øg vekt på universell utforming slik at dei aller fleste skal kunne bruke dei bygde omgivnadene utan spesiell tilrettelegging eller spesialløysingar. Regjeringa ønsker å medverke til attraktive bygde omgivnader gjennom stadutvikling og god byggjeskikk.

Avdelinga følgjer opp måla til regjeringa gjennom lov- og forskriftsarbeid, lovtolking og utforming av økonomiske verkemiddel som lån, bustøtte, tilskots- og støtteordningar, og gjennom kompetansebygging, rådgiving og informasjon. Husbanken, Statens bygningstekniske etat og Husleigetvistutvallet i Oslo og Akershus forvaltar ordningane og ligg under Bustad- og bygningsavdelinga.

## KOMMUNIKASJONSEININGA

EININGSFAKTA	
Stillingsramme i 2008	9,5 årsverk
Talet på tilsette i 2008	10 personar (inkl. tilsette med redusert stillingsprosent)
Driftsbudsjett	6,7 mill. kr

Kommunikasjonseininga er departementet si fag-eining for kommunikasjon. Eininga løyser, koordinerer og er pådrivar for effektiv medie- og samfunnkontakt og god kommunikasjonsforvaltning. Eininga har ansvaret for den totale kommunikasjonsverksemda i departementet når det gjeld både synleggjering av politikkområda for allmenta og fakta om lover, reglar og retningslinjer for innbyggjarane.

Eininga utarbeider kommunikasjonsopplegg for dei viktigaste sakene, handterer presseførespurnader, arrangerer pressekonferansar og driv aktiv mediekontakt og medieovervaking og -analyse. Kommunikasjonseininga har ansvaret for utvikling av nettstaden [www.regjeringa.no/krd](http://www.regjeringa.no/krd) og interninformasjonen i departementet, som i 2008 innebar lansering av eit nytt intranett.

# Personalområdet

## OVERSIKT OVER BEMANNINGA I EIT LIKESTILLINGSPERSPEKTIV

### Talet på tilsette, kjønn og lønn

Av dei 186 tilsette (177 årsverk) i Kommunal- og regionaldepartementet i 2008 utgjorde kvinner 60 prosent. Det generelle kvinneoverskotet i departementet viser seg i kontorgruppa og mellom saksbehandlarane. For dei andre funksjonane er det tilnærma lik kjønnsfordeling.

Gjennomsnittslønna for alle tilsette var kr 482 267.  
Gjennomsnittslønna for kvinner var kr 462 105,  
og gjennomsnittslønna for menn var kr 512 792.

Tabell 1: Tilsette fordelt på stillingsgrupper, kjønn og lønn 2008\*

Året 2008	Totalt tal			KVINNER		MENN	
		Tal	Pst.	Ltr. gj.snitt <sup>6</sup>	Tal	Pst.	Ltr. gj.snitt <sup>6</sup>
<b>Toppleiarar<sup>1</sup></b>	5	2	40	-	3	60	-
<b>Mellomleiarar<sup>2</sup></b>	28	14	50	76	14	50	75
<b>Alternativ karriereveg<sup>3</sup></b>	75	36	48	64	39	52	67
<b>Saksbehandlarar<sup>4</sup></b>	73	54	74	52	19	26	52
<b>Kontortilsette<sup>5</sup></b>	5	5	100	48	0	0	-
<b>SUM TILSETTE</b>	<b>186</b>	<b>111</b>	<b>60</b>	-	<b>75</b>	<b>40</b>	-
<b>Rekruttert/gj.snitt lønn nytilsett</b>	34	17	50	58	17	50	65
<b>Slutta</b>	29	16	55	-	13	45	-
<b>Gj.snitt overtid (timar per tilsett)</b>	33	30	-	-	36	-	-
<b>Redusert arbeids-tid (tal på pers.)</b>	20	18	90	-	2	10	-

1 Departementsråd, ekspedisjonssjef

2 Avdelingsdirektør, underdirektør

3 Spesialrådgivar, seniorrådgivar

4 Rådgivarar, seniorkonsulent, førstekonsulent

5 Konsulent, sekretær


6 Ekskl. toppleiargruppa

\* Tala i tabellen er henta frå personalstatistikken til departementet for 2008. Tala vil i nokre tilfelle variere noko frå tala som er rapporterte i St.prp. nr. 1, pga. ulike rapporteringstidspunkt og ulike berekningsmetodar.  
Rapporteringa er per 31. desember 2008.


## Aldersfordeling

Alderssamansetjinga mellom dei tilsette i departementet har vore stabil dei siste åra. Departementet har flest tilsette i alderen 30–39 år, med 64 personar. Færrest tilsette finn vi i aldersgruppene under 29 år med 20 personar og over 60 år med 17 personar. Det er vesentleg fleire kvinner enn menn i aldersgruppene opp til 50 år, medan menn er i fleirtal frå 50 år og oppover. Seniorpolitikk og seniorane sin plass i arbeidslivet er høgt prioritert i IA-avtalen.

Figur 2: Aldersfordeling kvinner i departementet



Figur 3: Aldersfordeling menn i departementet



## Utskifting og rekruttering av personale

I 2008 blei det tilsett 34 nye medarbeidarar i departementet. Av dei 34 begynte 14 nytilsette i gruppa saksbehandlarar, 16 i gruppa alternativ karriereveg og fire i leiargruppa. Departementet fekk ca. 800 søknader på kunngjorde stillingar. I 2008 hadde departementet ei utskifting av personale på 15,6 prosent, mot 12,7 prosent i 2007.




## Ansiennitet

Tabellen under viser kor lenge medarbeidarane våre har vore tilsette i departementet. Om lag ein tredel (64 personar) har vore tilsett i 10 år eller meir, medan 22 personar (12 %) har vore tilsett i meir enn 20 år. Så mange som 46 personar (25 %) har vore tilsett i mindre enn to år.

Figur 5: Fordelinga av tilsette etter kor mange år dei har vore i departementet

Talet på tilsette



## KOMPETANSE

### Utdanningsbakgrunn


Dei tilsette i departementet har variert fagleg bakgrunn med økonomar, juristar og samfunnsvitarar som dei største utdanningsgruppene. Departementet har også tilsette med hovudfag eller mastergrad i mellom anna sosiologi, historie, musikkvitenskap, sosialpedagogikk og kriminologi. I 2008 var det også to tilsette med doktorgrad. 84 prosent av dei tilsette i departementet har høgare utdanning. 71 prosent har utdanning av høgare grad, det vil seie på hovudfags- eller mastergradsnivå. 13 prosent har anna høgare utdanning på lågare nivå, det vil seie 1–4 års utdanning frå universitet eller høgskole.

### Kompetanseutvikling

Kompetanse er den viktigaste innsatsfaktoren for departementet og ein føresetnad for å realisere dei visjonane og måla departementet har. Våre tilsette får jamleg tilbod om utviklingstiltak innanfor både fagkompetanse, arbeidsverktøy og kommunikasjons- og relasjonskompetanse. Viktige verkemiddel i arbeidet vårt med kompetanseutvikling følgjer nedanfor.

- Arbeidsplassen som læringsarena: Dagleg læring skjer på arbeidsplassen ved å gjøre arbeidsoppgåver, men også ved til dømes fordeling av kompetansegivande oppgåver, gjennom ulike organisasjons- og arbeidsformer, jobbrotasjon, fungeringar, deltaking i faglege nettverk, tenestereiser og mentorordningar. Leiarane har ei viktig rolle i dette ved å motivere og inspirere.

Figur 6: Utdanningsbakgrunn i departementet 2008



- Vidareutdanning og stipend: Vi har gode ordninger for individuell vidareutdanning med vekt på fagleg tilknyting til arbeidsområdet til søkeren og eventuelle framtidige arbeidsområde i departementet. I 2008 blei det mellom anna gitt støtte til studium ved Universitetet i Oslo, BI, HR-akademiet og Høgskolen i Oslo og til kurs i regional planlegging (SAMPLAN). Det er òg mogleg å hospitere i andre einingar internt og eksternt og vere med i internasjonale utvekslingsordningar. I 2008 har KRD hatt ein hospitant i Innovasjon Noreg.
- Kurs, seminar og temamøte: I 2008 har departementet arrangert ei rekke tiltak retta mot alle tilsette, som makroøkonomisk seminar, nynorsk-kurs, retorikk- og presentasjonsteknikk-kurs, kurs i skriving for nett, engelskkurs og kurs i offentlege innkjøp og dessutan temamøte om EU, HMS og IA-avtalen, regionalisering, livsstil og kosthald, forsking og utgreiing på det kommunalpolitiske feltet. Dei enkelte avdelingane har òg gjennomført ei rekke tiltak ut frå faglege behov.
- Eksterne læringsarenaer og samarbeidspartnerar: Tilsette hos oss deltok på ulike eksterne opplæringstilbod i regi av mellom andre Partnarforum, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), Senter for statleg økonomistyring, Servicesenteret for departementa, HR-Norge og Administrativt forskingsfond (AFF).
- Introduksjonsprogram for nytilsette: Nytilsette hos oss deltek i eit eige introduksjonsprogram som skal medverke til at dei finn seg raskt til rette, både fagleg og sosialt.
- Utviklingsprogram for saksbehandlarar: Eit nytt program blei gjennomført i 2008.



## **Leiarskapsutvikling**

Vi legg vekt på å ta vare på og vidareutvikle eit høgt leiingsfagleg kompetansenivå ved mellom anna å medverke til at leiarane vidareutviklar medvitet sitt om kva som er god leiarskap i ein lærande organisasjon. Det blir årleg gjennomført leiarutviklingstiltak. I 2008 hadde vi leiarevaluering for 33 leiarar. Som ei oppfølging av evalueringa har vi mellom anna hatt eit leiarseminar om korleis utløyse motivasjon og engasjement hos medarbeidrarar.

## **Overordna kompetansestrategi for departementet**

I 2008 blei det utarbeidd ein felles overordna strategi for departementet for perioden 2008–2012. Strategien gir overordna føringar som skal følgjast opp med konkrete kompetanseplanar i dei enkelte avdelingane. I strategien er to område i fokus:

- 1) kompetanseutvikling for alle gjennom heile karrieren og
- 2) dele erfaringar og auke kompetanseflyten på tvers.

## **Helse, miljø og tryggleik**

Kommunal- og regionaldepartementet har inngått ein avtale om inkluderande arbeidsliv (IA-avtale). Viktige samarbeidsorgan i denne samanhengen er arbeidsmiljø- og AKAN-utvalet i departementet. IA-avtalen til departementet blei i 2007 forlengd til 31. desember 2009. Vi vil vere ein arbeidsplass som har plass til alle som vil og kan arbeide. Det er helse- og resultatfremmande at medarbeidarane trivst, og at det blir skapt gode relasjonar der dialogen mellom leiar og tilsett står sentralt.

I samband med dette har vi også i 2008 arbeidd for å redusere sjukefråværet gjennom ulike tiltak, jf. målsetjinga i IA-avtalen om å redusere sjukefråværet til 4,5 prosent innan utgangen av 2009. Sjukefråværet gjekk ned frå 6,7 prosent i 2006 til 5,9 prosent

i 2007 og ned til 5,4 prosent i 2008. Sjukefråværet er noko større hos kvinner i departementet enn hos menn, med 5,9 prosent mot 4,7 prosent. Sjukmeldingar frå lege utgjorde 3,8 prosent, noko som svarer til 70 prosent av det totale sjukefråværet.

Departementet legg tilhøva til rette for å kunne tilsetje yrkeshemma. I samband med arbeidet med å motivere arbeidstakrar til å bli lenger i jobben ser vi det som viktig å setje søkjelyset på livsfasane og karrierefasane til dei tilsette. Også i 2008 har dette vore eit element i medarbeidarsamtalar og i planlegginga elles. Arbeidet blir tilrettelagt slik at alle tilsette skal få fagleg utvikling og utfordringar i jobben uavhengig av alder, kjønn og livssituasjon.

## **Ulike tiltak:**

- Det blei arbeidd med oppfølgingstiltak på grunnlag av ei tidlegare arbeidsmiljøundersøking.
- Bedriftshelsetenesta syter for fysisk tilrettelegging av arbeidsplassen for kvar enkelt ved behov og lagar individuelle treningsprogram.
- Departementet har tilgjenge til trimrom, aerobic, yoga o.a. i eigne lokale. I tillegg har dei tilsette høve til å trene/trimme intil éin time i arbeidstida ein gong i veka. Eit program med øvingar dei tilsette kan gjøre framfor pc-en, er òg sett i gang.
- Som eit personalpolitisk tiltak er departementet med på ei ordning som inneber at det meste av det som kan kjøpast i kantina vår, er subsidiert.
- Det blei arrangert eit temamøte om livsstil og kosthald.
- Det er laga ein prosedyre for registrering, melding og behandling av arbeidsrelaterte skadar og sjukdom.

## Sosiale aktivitetar og velferdstiltak

Departementet legg stor vekt på tiltak som fremmar trivsel og tilhøyrslle mellom dei tilsette. Av dei mange tiltaka som blei gjennomførte i 2008, kan vi nemne:

- kulturlunsjar der musikarar eller andre kunstnarar hadde innslag
- ei fotogruppe som arrangerer kurs for fotointeresserte og går på utstillingar
- eit bedriftsidrettslag som arrangerer ulike aktivitetar (fotball, innebandy, klatring, dansing, bowling og ski) for å byggje opp om fysisk helse og trivsel
- ein seniorklubb for tilsette over 60 og pensjonistar
- julebord, juletrefest og jubileumsfest



### 60-års jubileum for Kommunal- og regionaldepartementet

Kommunal- og regionaldepartementet fylte 60 år i 2008. Jubileet blei feira fredag 29. august med fest på Ingierstrand Bad. I strålende sol blei dei tilsette med følgje skipa med båt frå Rådhusbrygga ut til Ingierstrand, der ein velkomstdrink venta gjestene. Så stod middag med grillmat for tur, før festen heldt fram med Peter Berry & The Shake Set, som spelte opp til dans. Om lag 250 fornøgde gjester feira jubileet kvelden utover.



# Driftsbudsjett og driftsrekneskap for 2008

## LØYVING OG FORBRUK PÅ KAP. 500, POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Tabell 2: Disponibel løyving og reelt forbruk på kap. 500, post 1 (i 1 000 kr)

Løyvingar ifølgje saldert budsjett for 2008	133 160
Overført frå 2007	6 568
Endringar i løyvinga, jf. St.prp. nr. 68 (2008–2009)	4 389
<b>Sum disponibel løyving 2008</b>	<b>144 117</b>
<b>Rekneskap 2008</b>	<b>139 426</b>
<b>Mindreutgift</b>	<b>4 691</b>

Refusjonar og inntekter:

Meirinntekt under kap. 3500, post 1 Tilfeldige inntekter	170
Refusjonar under kap. 3500, post 15 Refusjon arbeidsmarkedstiltak	26
Refusjonar under kap. 3500, post 16 Refusjonar av fødselpengar	2 279
Refusjonar under kap. 3500, post 18 Refusjon av sjukepengar	1 786
Sum refusjonar og inntekter	4 261
<b>Reell mindreutgift</b>	<b>8 952</b>

Driftsbudsjettet til departementet blei auka med 4,4 mill. kr, jf. St.prp. nr. 68 (2008–2009), som følgje av kompensasjon for lønnsoppgjeret i 2008.

Det reelle mindreforbruket på 8,9 mill. kr utgjer 6,2 prosent av den disponible løyvinga. Mindreforbruket kjem av at det ikkje har blitt sett inn vikarar ved sjukefråvar, og at det har teke lengre tid å rekruttere til ledige stillingar enn planlagt. Utgiftene knytte til drift av IKT i regi av Servicesenteret for departementa blei òg lågare enn budsjettert. Av mindreforbruket kan 6,87 mill. kr overførast til 2009.

### Fullmakter

Ifølgje romartal II i St.prp. nr. 1 (2007–2008) kan løyvinga under kap. 500, post 01 overskridast mot tilsvarande meirinntekt under kap. 3500, post 01.

## SPESIFISERT REKNESKAP FOR 2008

Tabell 3: Spesifisert rekneskap 2008  
(i 1000 kr)

Nemning	Rekneskap 2008
Lønn og godtgjersler	101 020
Maskinar, inventar, utstyr	2 217
Forbruksmateriell <sup>1</sup>	1 659
Reiseutgifter m.m.	10 202
Kontortenester m.m. <sup>2</sup>	5 738
Konsulenttenester	3 380
Vedlikehald og drift av maskinar m.m. <sup>3</sup>	2 244
Vedlikehald av bygg og anlegg	327
Drift av bygningar, lokalleige	12 639
<b>Sum</b>	<b>139 426</b>

### Notar til rekneskapen:

<sup>1</sup> Inkluderer kostnader ved elektroniske tenester som nettverk, fjernakess og betalingsformidling m.m.


<sup>2</sup> Utgifter til trykking, kunngjeringar, abonnement, porto, telefon m.m.

<sup>3</sup> Service og vedlikehaldsavtalar

## FORDELING AV UTGIFTER PER AVDELING/EINING

Figuren viser fordelinga av dei rekneskapsførte utgiftene per avdeling/eining. Visse fellesutgifter som husleige, straum, IKT o.a. blir ikkje fordele på kvar enkelt avdeling.

Figur 7: Rekneskapsførte utgifter per avdeling/eining



## LØYVING OG FORBRUK PÅ KAP. 500, POST 45 STØRRE UTSTYRSINNKJØP OG INVESTERINGER

Tabell 4: Disponibel løyving og reelt forbruk på kap. 500, post 45 (i 1 000 kr)

Løyvingar ifølgje saldert budsjett for 2008	4 394
Overført frå 2007	2 000
<b>Sum disponibel løyving 2008</b>	<b>6 394</b>
<b>Rekneskap 2008</b>	<b>2 767</b>
<b>Mindreutgift</b>	<b>3 626</b>

Tabell 5: Spesifisert rekneskap 2007 (i 1 000 kr)

Nemning	Rekneskap 2008
Maskinar, nettverk og periferiutstyr <sup>1</sup>	805
Program <sup>2</sup>	1 755
Diverse investeringar <sup>3</sup>	207
<b>Sum</b>	<b>2 767</b>

<sup>1</sup> PC-ar o.a.

<sup>2</sup> Programvare knytt til internettpublisering

<sup>3</sup> Systeminvesteringar knytte til IKT og oppussing av lokale

Mindreutgiffa utgjer 56,7 prosent av den disponibele løyvinga. Løyvinga på posten blir nytta til større utstyrssinnkjøp og vedlikehald i departementet, i hovudsak i samband med investeringar i IKT-utstyr og -system. Som følgje av at Servicesenteret for departementa (DSS) er tenesteleverandør for IKT til departementet, blir vurderinga av behovet for større investeringar og tidspunktet for å gjennomføre dei styrt av DSS. Mindreforbruket i 2008 kjem av at det var noko uvisse om behovet, og at det av den grunn var sett av noko midlar i reserve på posten.

**Kommunal- og regionaldepartementet**

Akersg. 59 / Postboks 8112 Dep / 0032 Oslo  
Tlf: 22 24 90 90 / Faks: 22 24 95 45  
[postmottak@krd.dep.no](mailto:postmottak@krd.dep.no)  
[www.regjeringen.no/krd](http://www.regjeringen.no/krd)  
H-2232 N

**Fotokreditering:**

Forside: Vegard Ørstad, fotoklubben KRD  
Side 4: Vegard Ørstad og Gerlinde Øvland, fotoklubben KRD  
Side 6: Roger Holmsen, fotoklubben KRD  
Side 11: Mikkel Hovden Aas  
Side 2, 15, 25, 27, og 28: Gerlinde Øvland, fotoklubben KRD  
Bakside: Olav Rostad og Gerlinde Øvland, fotoklubben KRD

**Design:** Provinser, [www.provinser.no](http://www.provinser.no)

**Trykk:** Departementenes servicesenter